

NORSK TIDEND

Framhald av **Fedraheimen** og **Den 17de Mai**



DIALEKTMØTE > 14–15

– Det vert kalla nynorsk det eg skriv, men for meg handlar det um dialekt, seier kjendis-kokk **Arne Brimi**.

SNAKKAR ENKLARE > 6–7

Nynorskpolitikarane på Stortinget, som **Hadia Tajik**, snakkar enklare enn dei som vert refererte på bokmål.

STOR NYNORSKGUT > 11–12

– Det er større sjanse for å bli prislønt som nynorskbrukar enn bokmålsbrukar, det er rein matematikk, seier **Are Kalvø**.

<<Kom til Lom>>

Marthe Trønnes (22) syner turistar heimbygda, men det gjer det ikkje enkelt å halda på dialekta. > **16–19**



Nynorsk framtid

» Det komande året har Framtida.no fått i oppdrag å produsira Norsk Tidend. Det betyr at eg skal vera vikarierande redaktør for fem nummer.

» Det er ikkje heilt uproblematisk. Gjennom alle mine år i Framtida har eg måttå forklara at me ikkje høyrer til Noregs Mållag. Me er eigde av Lands-samanslutninga av nynorsk-kommunar (LNK), men for utan-forståande kan det synast som om nynorsk er synonymt med sidemål og Noregs Mållag.

» Men at nynorskverda er lita, er ikkje nokon løyndom. Me i Framtida har allereie hatt eit godt innhaldssamarbeid med Norsk Tidend. For sjølv om Framtida står utanfor Mållaget, og ikkje vil vera ein ukritisk ropert for deira saker, er me opptekne av mykje av det same. Me vil begge fremja nynorsken og sjå til at nynorskbrukarane får det dei har rett på. Me er opptekne av språkmangfald og stoda til minoritetsspråka her til lands – anten det er samisk eller kvensk. Og me er opptekne av morsmål – uansett om dette er norsk eller swahili.

» Sidan eg har fått full redaksjonell fridom, gler eg meg til å jobba med Norsk Tidend. Denne fridommen håpar eg å bruka på å skriva om saker som er viktige for nynorskbrukarar. Men det er òg viktig å løfta blikket frå nynorskbobla, for me er jo trass alt ein del av det norske språket, samfunnet og verda.

ANDREA RYGG NØTTVEIT

Utgjeven av Noregs Mållag

Avisa blir redigert etter Redaktørplakaten.

Tilskrift: Lillelørtorget 1, 0184 OSLO


Redaktør: Andrea Rygg Nøttveit,
andrea@framtida.no,
48140 342

I redaksjonen:
Hege Lothe, Erik Grov

Heimeside: www.nm.no

Abonnement: 250 kroner per år

Utforming: Språksmia AS
smia@spraksmia.no



Fagrørsla + mål

DEI FLESTE KJENNER SEG vel igjen i denne situasjonen: Du veit om ein person du gjerne vil bli betre kjend med. Han eller ho verkar veldig sympatisk, de har mykje felles og de har mykje å snakke om kvar gong de tilfeldig møtest. Men så blir det liksom ikkje noko meir med det. Ikkje fordi viljen til å komme saman manglar, heller – nei, det er berre slik at livet drar tak i dykk frå andre kantar. Så går tida – og eit godt vennskap har ikkje blitt noko av.

Fagrørsla er ein slik venn som vi har visst om lenge, og som Mållaget burde ha knytt seg sterkare til for lenge sidan. Vi har mykje felles: strukturen, alt det frivilligelagsarbeidet og ikkje minst det at begge organisasjonar handlar om at folk seier ifrå at dei har ein rett til noko og så står saman for å krevje den retten. Samhald gir styrke, og med grunnlag i eit demokratisk lovverk bygger ein eit samfunn som gir fridom og rettferd til dei mange, ikkje dei få. Den typen samfunn som UNESCO kårar til verdas beste.

ALLE LIKSKAPANE BURDE HA FØRT til nær tilknyting for lenge sidan, men det store samarbeidet mellom fagrørsla og målrørsla har ikkje komme i gang – før landsmøtet i Noregs Mållag i Bergen i år tok tak i stoda. Møtet ville ha eit auka samarbeid mellom LO og målrørsla. LO-sekretær Are Tomasdard deltok og heldt eit fyldig og godt innlegg der utgangspunktet var vedtaket LO-kongressen gjorde i 2013: «LO vil arbeide for likestilling mellom




MAGNE AASBRENN
Leiar i Noregs Mållag

nynorsk og bokmål. Dette innebærer at alle skal kunne bruke sin målform i arbeidslivet, at det blir gitt god oppleiring i begge målformer i skolen, og at mållova følges i praksis.»

DEI STORE ARBEIDSMÅL for Landsorganisasjonen handlar om tariff, forhandlingar, arbeidsvern og juridisk bistand til medlemmene. Målsaka er viktig for LO, men har aldri vore den store kampsaka. – Det er ikkje fordi vi ikkje bryr oss, sa Tomasdard til landsmøtet, – men fordi det ofte har vore andre saker ein har prioritert når ein går i krig med arbeidsgivarsida.

Tomasdard viste til at det har gått tre år sidan kongressvedtaket, og han skjønte at Noregs Mållag lurte på kva som var status. – Situasjonen er betre, men ikkje bra nok, var konklusjonen hans. Alle LO-tilsette er stilte fritt når det gjeld språkval, men bokmål dominerer. Dei som meistrar nynorsk, meistrar ofte minst like godt bokmål, og slik er det ikkje andre vegen. Dermed er det lett for nynorsk-folket å tilpasse seg og velje minste motstands veg.



» SAGT

Det er tredje gang på åtte år Bærum har søkt om å få teste ut valgfritt sidemål. Det fremstår som noe uklart hvorfor kommunen ustanselig søker om dette all den tid yacht, Tesla og Chablis uansett skrives likt på bokmål og nynorsk.

Aftenposten, under streken

Kjerringsleppet og Kjerringtorget får ikkje promotere arrangementa sine på Facebook. Årsaka er at Facebook har omsett ordet kjerring til det lite velmeinande engelske ordet bitch.

Sommartid, Hallingdølen

Dagens fun fact om Grunnlova (§ 21): I nynorskversjonen er det forbod mot at «dei kongelege prinssene og prinsane» kan ha sivile embete. I bokmålsgrunnlova er det berre forbod mot at «de kongelige prinser» kan ha slike embete.

Så til spørsmålet om prinsesse Ingrid Alexandra kan bli sysselman på Svalbard, blir svaret: Det kjem an på om du spør på nynorsk eller bokmål.

**Stortingsrepresentant
Sveinung Rotevatn (V)
på Facebook**

Slik sett kan man si at isnorsk er et meget godt egnet språk til å motiverere håndballjenter, men kanskje ikke like godt egnet når man skal drive bank

**Klassekampens Mímir
Kristjánsson om språket til
handballtrener Thorir Hergeirsson**

Nå var det enten en ny norsk scoring, eller så er det noe i håndball som heter nynorsk scoring.

**Komikar André Ulvesæter
på Twitter**

Å lage en romantisk sang uten
å bruke ordene «bonde» eller
«romantikk» var en utfordring

Ørnulf Juvkam Dyve i Staut om den nye kjenningsmelodien til «Jakten på kjærigheten»

Kanskje angret lvar Aasen på hele landsmålsopplegget, siden han åpenbart selv foretrakk å skrive riksmål resten av sitt liv.

**Arve Waage,
viseformann i Bokmålsforbundet**

NJO VERTE DA NJUNORSKDEBATTJ
I BJUSTYRET! Eg tvitar sjølvsegen
dereittar. #BeBy

**Jacob Mæhle,
sentralstyremedlem i Unge Høgre
syner åtgåum for nynorsk
på Twitter**

Obligatorisk undervisning er nødvendig for å opprettholde betydningen av å lære seg nynorsk. Ingen er tjent med at sytekofra øst får parkere en hel målform.

Bergens Tidende på leiarplass

rørsla = sant

EI ANNA UTFORDRING FOR NYNORSKEN i fagrørsla er multinasjonale selskap. På arbeidsplassane pressar engelsken på, og det er mange utanlandske arbeids-takarar.

Da blir det ein kamp berre for å halde kommunikasjonen gåande på norsk. I praksis er det slik at det er lett å vere nøgd med at språket som er i bruk, berre er noko som liknar norsk. Likevel avslutta Tomasdard med gode eksempel på at skriftleg tilfang som var sendt ut frå LO-kontoret i Oslo, kom tilbake frå lokal-laga med spørsmål om kva tid nynorskvarianten kom. Slikter er viktig: «At ein er på – og krev sin rett.» Innlegget til Tomasdard gav god medvind da landsmøtet vårt vedtok eit utvida samarbeid med fagrørsla heretter. Kontakt og samarbeid med fag forbunda i og utanfor LO vil såleis vere ei prioritert oppgåve, og som godt er, ligg det positive vedtaket frå den førre LO-kongressen der og er styrande for arbeidet. Det er viktig at nynorsken er med i alle samanhengar der det blir skrive tekst, til dømes skilting, bedriftsinformasjon, regulativ og nettsider. Ei handbok med ei ordliste for god nynorsk språkbruk i fagrørsla er ein god idé.

DET DIGITALE ER VIKTIG, og LO-sekretariatet bør gå gjennom programvare og syte for at alt er kompatibelt med nynorsk språkform, og at saksbehandlingsprogram, postprogram og liknande finst både i nynorsk- og hokmålsversjonar.

Når det gjeld dei enkelte forbunda, hør dei få opp

bruken av nynorsk i medlemsblad, på nettsider og elles i kontakt med foreiningar, klubbar og medlemmer. På klubbnavnå bør ein streve etter å gi ut informasjonsmateriell og anna eigenprodusert skriftleg tilfang på nynorsk, og det særleg i nynorsksområde.

Dette arbeidsområdet er enormt, og det vil ta tid å gjennomføre små og store skritt. For oss i styret i Mål-laget er det moro å konstatere at godhugen er stor i LO-kontora i Oslo; det første arbeidsmøtet mellom dei to rørslene har alt funne stad når eg skriv dette.

Noregs Mållags eigne faglege ekspertar er alt i arbeid

Norges kringkongs eige lagte kapittel er at Farberd som eit initiativ med utspring på Sørvestlandet og i Bergen. Der er eg som leiar ikkje i tvil om at vi har fått dei rette folka på saka.

Språk er makt, og med LO på vår side skal vi også sette makt bak språket.

“ Fagrørsla er ein slik venn som vi har visst om lenge, og som Mållaget burde ha knytt seg sterkare til for lenge sidan.

Endeleg! Mobiltastatur på nynorsk

No slepp du at «ik-kje» blir til «ikke»
– men berre om du har Android-telefon.

Den 21. juli lanserte teknologibedriften SwiftKey nynorsk tastatur for Android-telefonar.

– Mange har gitt beskjed om at det er frustrerande å få meldingane retta til bokmål heile tida. Det er veldig irriterende å få «eg» retta til «jeg», seier leiar i Noregs Mållag, Magne Aasbrenn.

– Dette betyr at nynorsk-brukarar får eit mobiltastatur som ikkje motarbeider dei når dei skriv, legg han til. Aasbrenn er veldig glad for at selskapet SwiftKey no lanserer eit mobiltastatur med nynorsk stavekontroll.

“Dette betyr at nynorskbrukarar får eit mobiltastatur som ikkje motarbeider dei når dei skriv.

SwiftKey har lenge vore rekna som eit av dei betre alternativa når det gjeld mobiltastatur, og har hatt eit ekstra fokus på språkleg mangfald. I fjor trekte tech-avisa The Verge fram Swiftkey som eit av dei beste mobiltastatura for Android. I oppdateringa som vart lansert 21. juli, kom tastaturet med fleire nye språkalternativ – mellom anna luxemburgsk, færøysk, frisisk og ikkje minst nynorsk.

– SwiftKey er eit språkbasert selskap, derfor er me opptekne av å fremja alle språk, inkludert små språk som nynorsk, seier programsjef Olivia Laskey i Microsoft, som kjøpte SwiftKey i fjor.

UVISST FOR IPHONE Det er likevel ikkje berre jubel – for oppdateringa finst berre på Android. Ifølgje Laskey i Swiftkey har ikkje selskapet konkrete planar om å lansera nynorsk på iPhone enno.

Magne Aasbrenn håpar å sjå fleire liknande tilbod, men øvst på ønskelista står det same nynorsktilboden for iPhone-brukarar.

– Så langt er dette berre tilgjengeleg for Android-telefonar. Men eg konstaterer at SwiftKey tar omsyn til språkleg mangfald – saman med nynorsk kjem det også tilbod om luxemburgsk og frisisk. Dette synest eg er svært positivt.

Sjølv om han er glad for dette tilbodet, ser han at vegen er lang å gå for å få eit godt tilbod på plass for nynorskbrukarar, også på mobilen.

– Generelt trengst det meir nynorsk i «app-verda». Til dømes kan du få Facebook på nynorsk på PC-en, men mobil-appen finst ikkje på nynorsk, seier Aasbrenn.

GODKJEND MED GLANS Swiftkey har hatt eit samarbeid med Noregs Mållag, som testa appen før lanseringa. Blant dei som stod for testinga, var Erik Grov, som lenge har ønskt seg eit slikt tilbod.

– Eg har brukt SwiftKey lenge sjølv. Plutseleg fekk me ein e-post frå SwiftKey, som sa at dei jobba med eit tastatur på nynorsk. Dei lurte på om me kunne testa det for



dei, for å sjekka kvaliteten, fortel Grov.

Han og andre frå Mållaget og Målungsdommen testa tastaturet i eit par veker – og vart positivt overraska.

– Det var jo heilt fantastisk. Du kan til og med skriva «vyrdnad» og andre meir konservative nynorskord som eg kom på. Til og med «swipe» (at du dreg fingeren over tastaturet i

Medaasprisen til Moldestad

Folkemusikar **Sigrid Moldestad** (1972) frå Breim i Gloppen kommune får Medaasprisen 2016. Prisen vert årleg tildelt ein utvandande kunstnar, som i Ivar Medaas si ånd tek utgangspunkt i lokale musikalske tradisjonar og som brukar si eiga dialekt.

«Med si særeigne stemme og sitt kraftfulle felespel er Sigrid Moldestad blitt ei av våre kjæraste folkemusikarar», heiter det i grunngjevinga frå juryen.

Prisen vert delt ut under Medaaspriskonserten på Den Nationale Scene mandag 24. oktober 2016. Prisen er ein bronsplakett av Os-kunstnaren Arne Mæland og 20 000 kroner.



15 trailerar flytta språksamlingane til Bergen

I alt 70 tonn med arkivmateriale vart i sommar flytta frå Oslo til Bergen.

I november i fjor vart det vedteke at Universitetet i Bergen tek over ansvaret for **språksamlingane** og **Norsk Ordbok** etter Universitetet i Oslo. Det er Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium som har fått oppdraget frå Kunnskapsdepartementet.

Materialet, som er samla inn sidan 1930, omfattar språksamlingar, eit setelarkiv som utgjer ordbøkene på bokmål og nynorsk, fleire historiske bøker, og fleire kart med over 700 000 stadnamn, som mellom anna blir brukte av Kartverket.



Mobilbrukar: Leiar i Noregs Mållag, Magne Aasbrenn, er veldig glad for at det no finst eit tastatur på nynorsk for Android.

Foto: SwiftKey

staden for å trykkja på kvar bokstav, red.merk.) fungerte veldig godt frå første ord. Dessutan lærer appen seg nye ord ganske godt.

Eit av dei store poengna med Swiftkey-tastaturet er at appen lærer seg korleis du skriv over tid, og tilpassar staveforslag til din skrivestil. Det gjeld sjølv sagt også når du skriv på nynorsk.

– Alt kan bli betre, så klart. Ein

må jo også læra opp tastaturet i sin eigen personlege stil. Men det er mykje betre enn å læra opp ei bokmålsordliste til å skriva nynorsk, seier Grov.

Blant problema han har oppdaga så langt, er eit punkt som får mange språkinteresserte til å riva seg i håret: Orddeling, eller særskriving, om du vil.

– Det har eg tatt opp med dei, og

det har dei også jobba med. Men du finn stader der du skriv samansette ord, så deler tastaturet det opp automatisk, seier Grov.

Men, som også Grov påpeiker, appen blir oppdatert heile tida, og tastaturet som er testa, er trass alt berre ein betaversjon. Den offisielle versjonen kom 21. juli.

ANDERS VEBERG
Framtida.no

– Alt skal på sikt digitaliserast, så vi med tida slepp å ha ei så stor mengd med dokumentasjon lagra. Men det vil ta lang tid, seier professor og leiar for Institutt for lingvistikk ved Universitetet i Bergen, Johan Myking til Bergensavisen.

18 førsteklassingar valde bokmål i Odda

Ni førsteklassingar ved Odda barneskole og ni i Tyssedal byrja denne hausten i bokmålsklassar. Resten av skuledebutantane starta i nynorsk-klassar. På Odda barneskole vart 34 førsteklassingar fordelt på to nynorskklassar. Totalt er det 369 elevar på skulen, som har 224 nynorskelevar. Skare barneskule og Røldal skule fekk til saman elleve nye førsteklassingar som skal ha nynorsk som hovudmål.

Leikvolls minnepris til Kjersti Rorgemoen

Forfattar Kjersti Rorgemoen (1982) frå Øyfjell i Vinje er tildelt Jan Roar Leikvolls minnepris.

Minneprisen, som i år vert delt ut for andre gong, er eit samarbeid mellom familien til Jan Roar Leikvoll (1974–2014) og Det Norske Samlaget. Prisen går til ein nynorsk, skjønnlittraær forfattarskap av høg kvalitet og originalitet. Forfattaren må ha debutert etter 2005 og kan maksimalt ha gjeve ut fire titlar.

Juryen meiner Rorgemoen sitt forfattarskap utmerkjer seg ved språkleg finesse, evne til å synne samanhengar der ingen ser ut til å finnast, og vilje til å sjå kvar ein situasjon frå alle andre synsvinklar enn den opplagde.



Foto: Helge Hansen, Kolon Forlag

Prisen på 50 000 kroner vart delt ut under haustlanseringa til Samlaget 17. august.



Festspel: Morsmål var temaet då Dei nynorske festspela i juni vart arrangert for 25. gong. Foto: Aasen-tunet

– Aasen-tunet er positivt for Møre og Romsdal

JON AASEN, FYLKESORDFØRAR

i Møre og Romsdal, meiner det er stort og positivt for fylket å ha Aasen-tunet.

I april gjekk fylkestinget i Møre og Romsdal inn for, med 25 mot 22 stemmer, at nynorsk framleis skal vere administrasjonsspråket i heimfylket til Ivar Aasen. Det var kanskje ikkje tilfeldig at det var fylkesordførar Jon Aasen (Ap) som var beden til Aasen-tunet for å halde opningstalen under den høgtidelege opninga av Dei nynorske festspela 2016.

I talen heidra han måten Aasen-tunet og nynorsken formidlar språk og kultur og er ein synleg identitetsskapar.

– Identitet kan byggjast av stoltheit. Av det vi er og det vi får til. Men identitet kan også byggjast på fiendskap og forakt. Det er oftast lettare å skape haldningar mot det vi er mot i staden for det vi er for, sa han.

Over 5 000 publikummarar vitja dei 55 arrangementa som gjekk føre seg i Ørsta og Volda 23.–26. juni.

I talen drog Aasen også parallelane mellom dei store idrettsarrangementa og den felles identitetskjensla dei gir, og den individuelle identitetskjensla språk og nynorsken gir.

– Eg er så glad for at den nasjonale kulturinstitusjonen her på Ivar Aasen-tunet så tydeleg positivt markerer nynorsken og ikkje motstanden mot andre kulturerarar. (©NPK)

KAROLINE RIISE KRISTIANSEN
NPK

Elevar i Vegårshei må venta på nynorskklasse

I Vegårshei i Aust-Agder kravde foreldra til 14 av i alt 34 sjuande-klassingar eigen nynorskklasse. Skulen har oppfatta at kravet om språkdeling kjem fordi foreldra meiner klassen er for stor. I eit brev sendt til mållaget både sentralt og lokalt støttar Fylkesmannen kravet. Tysdag 24. august møtte foreldra saman med leiar i Noregs Mållag, Magne Aasbrenn, representantar for kommunen. Kommunalsjef Anne Grete Glemming kan ikkje seie når Vegårshei kommune får oppfyllt kravet om eigen nynorskklasse, men ifølgje Tvedestrands-posten blir det truleg ikkje før på nyåret.

MÅLLAGET OM SIDEMÅLSFRAMLEGG:

– Korttenkt frå Høgre

Høgre vil i sitt framlegg til nytt program fjerne nynorskkompetanse frå 85 prosent av elevane i norsk skule, åtvarar Noregs Mållag.

Aftenposten melder at programkomiteen til Høgre føreslår å avskaffa obligatorisk skriftleg sidemålsundervisning, men sikra tekstar og kompetansemål på begge målformer i undervisinga.

– I praksis, og på sikt, tyder det å riva vekk nynorskunna frå majoriteten av folket, seier Magne Aasbrenn, leiar i Noregs Mållag.

– Korleis ein vil kompensera for dette, ser det ikkje ut til at Høgre har eit svar på, held han fram.

I det gjeldande stortingsvalprogrammet seier Høgre at dei vil «avvikle ordninga med eigen karakter og eksamen i sidemål i ungdomsskolen og den vidaregåande skolen».

AVHENGIG AV GODVILJE For målet med sidemålsopplæringa er todelt, ifølgje mållagsleiaren. Han har sjølv lang erfaring som lektor i norsk på vidaregåande:

– Nynorskbrukarane er, til liks med fleire andre mindretalsspråk rundt om i verda, avhengige av godvilje frå fleirtalsspråkbrukarane for å kunna nytta språket sitt. Sidemålsundervisning er

heller ikkje uvanleg i andre språkkløyvde område.

Der har dei same grunngjeving som her: ein skal ta vare på rettane til mindretalsspråkbrukarane.

– Meistrar fleirtalsspråkbrukarane det mindre brukte språket, så vil mindretalsspråkbrukaren kunna bruka språket sitt over alt. Ei svekking av sidemålsordninga er ei svekking av nynorskbrukarane sine språklege rettar. Såleis er den totale situasjonen til nynorsken nært knytt til opplæring i nynorsk for elevar i bokmålsområde, poengterer Magne Aasbrenn.

– DRAMATISK Magne Aasbrenn peikar på at nynorsk og bokmål er to jamstelte norske språk som ein kan velja fritt mellom, difor må ein ha kjennskap til begge.

– Eit norskfag utan nynorsk vil vera eit halvt norskfag, seier Aasbrenn.

– Får Høgre det som partiet vil, vil det vera ei dramatisk endring av stoda for nynorsken i Noreg, og heilt utan at Høgre ser ut til å ha tenkt på korleis ein vil kompensera for eit så stort tap av nynorskunne i ålmenta. Korleis ser dei for seg at kommunar og stat skal kunna skaffa viktig nynorsk-kompetanse og ikkje minst lærarkompetanse? undrar Aasbrenn.



Tidlegare kulturminister Hadia Tajik (Ap), Liv Signe Navarsete (Sp) og Bård Vegard Solhjell

Null nynorsk i Politidirektoratet

Nynorskprosenten i nettnyheitene til Politidirektoratet fall frå 8,4 prosent i 2014 til null i 2015.

Direktoratet er langt frå lovkravet om at minst 25 prosent av dei publikumsretta tekstane skal vere på nynorsk, viser Politidirektoratets målbruksrapport. Mens politiet fekk skryt frå Språkrådet for ein nynorskprosent på over 25 prosent i sosiale medium i 2014, var situasjonen ein annan i 2015. Då var berre 17,1 prosent av tekstane på nynorsk.

– Politidirektoratet har eit særskilt ansvar for å oppfylle jamstil-

lingskravet i mållova, og vi ventar at dei tar dette ansvaret på alvor, skriv Språkrådet til direktoratet.

Bladet Norsk Politi, som direktoratet gir ut fire gonger i året, var i fjar heilt fritt for stoff på nynorsk. Språkrådet etterlyser også meir nynorsk på nettsidene til politiorganet og spør når dei kan vente å sjå alle skjema på begge målformer.

– Vi må berre leggje oss flate for kritikken, seier fungerande kommunikasjonsdirektør i Politidirektoratet Anne Margrete Alværn i ein e-post til Juristkontakt. (©NPK)

Språkrådet støttar innsamling av stadnamn

I statsbudsjettet for 2016 er det sett av 1 000 000 kroner til ei tilskotsordning for innsamling og registrering av stadnamn. Kulturdepartementet har gitt Språkrådet i oppdrag å forvalte denne ordninga.

Stadnamn er viktige språklege kulturminne. Det språkhistoriske, kulturhistoriske og busetnings-historiske aspektet ved desse namna kastar lys over liv og virke i tidlegare tider.

Formålet med tilskotsordninga er å bidra til å berge denne kulturnarven ved å gi støtte til lokale aktørar som vil samle inn stadnamn. Materialet skal leggjast inn i ein nasjonal namnebase som er under utvikling.

Austlandet, Sørlandet, Trondelag, Troms og Finnmark er område som særleg treng meir namne-innsamling, men prosjekt som gjeld andre område, vil òg kunne få støtte. (©NPK)

Nynorskpolitikk

Bokmålsbrukarane på **Stortinget** uttrykkjer seg meir komplisert enn nynorskkollegaene.

Det viser ein analyse som nettstaden Holder de ord har gjort for Framtida.

Organisasjonen har samla data for innlegga som er haldne frå talarstolen på Stortinget sidan 1998. I samarbeid med retorikkspert Jostein Sand Nilsen, som driv

nettstaden retorikeren.no, har dei nyleg funne ut kven av stortings-politikarane som har det enklaste og vanskelegaste språket med metoden liks («lesbarheitsindeks»).

Høg liks tyder på at ein tekst er vanskeleg, med lange setningar

“ Eg er tilbøyelag til å meine at ja, nynorsk etymologi er meir gjennomsynleg og orda dermed kortare og språket meir forståeleg.

Jostein Sand Nilsen, retorikkspert



ANNE SVANAUG
STRAUME
Dagleg leiar i Kringkastingsringen



(SV) er alle profilerte nynorskpolitikarar. Her fotograferte under opninga av det 158. storting 9. oktober 2013. Foto: Stortinget/Terje Heiestad

25 prosent kva?

HEILT SIDAN 1970 har NRK hatt eit krav om at 25 prosent av språket i alle kanalar skal vere på nynorsk. Å faktisk oppfylle dette kravet har vore ein våt draum for målrørsla sia 70-talet. Det har diverse aldri vorte ein realitet – før i år – nesten. Jamvel om Medietilsynet konkluderte med at NRK ikkje oppfylte kravet om 25 prosent nynorsk på alle plattformer, gjekk dei forbi minstekravet om 25 prosent nynorsk i fleire av kana-lane. NRK enda opp med 25 prosent nynorsk i snitt. Men, kva er det som ligg bak desse tala?

NRK SUPER, barnekanalen til NRK, hadde i 2007 minimalt med innhald på nynorsk og ingen språkstrategi. No er dei nesten like flinke som NRK2, og då veit ein at dei har gjort mykje rett. Me i Kringkastingsringen har møtt NRK Super, og saman med Målungsdommen og Mållaget møter me kanalleiinga i NRK ein gong i året. Me er ofte imponerte over entusiasmen, og det konkrente arbeidet med å bruke nynorsk og ulike typar dialektar i programma. I fjor fekk NRK Super Kringkastingsprisen for arbeidet sitt med å få meir nynorsk og dialekt ut til barna våre. Men, jamvel om statistikken syner at dei nyttar 25 prosent nynorsk, er det ei bakside ved statistikken som mange kanskje ikkje er medvitne om.

I 1996 VART for første gong dia-lektar brukte meir enn normert nynorsk i NRK. Når sendeskjemaet er vorte utvida dei siste åra, har auken stort sett kome på dialekt- og bokmålssida. Måten NRK måler språk på, er at all dialektbruk blir talt saman, og så registrert som halvparten bokmål og halvparten nynorsk. Mange målfolk vil nok automatisk tenkje på dette som ein därleg måte å rekne på, då eit tverr-snitt av all dialektbruk i radio og fjernsyn ikkje vil vise 50 prosent god nynorsk. Men er dette eit argument for å jobbe for å spesifisere kravet til nynorskbruken, og syte for å få til meir av den gode, gamle normerte nynorsken, som no i stor grad er avgrensa til nyheiter og vårmelding? Dette vil me diskutere framover.

I LØPET AV HAUSTEN skal Kring-kastingsringen lansere ein rapport om språkkrava til allmennkring-kastarane. TV2 har berre hatt eit minimumskrav om at både målfor-mene skal nyttast. Og no foreslår ein ekstremt lite språkmedviten kultur-minister ei fullstendig mållaus kon-sesjonskravliste til TV2. Også NRK har fått for lite bråk rundt måten dei registrerer språkbruk på. Me har nok å ta tak i, og vonar me får ein stormfull språkdebatthaust.

arane snakkar enklast

og mange lange ord. Ein tekst med liks under 40 er rekna som «lett å lese».

NYNORSK ER ENKLAST Stor-tingsinnlegga som er refererte på bokmål, har ein liks på 43 i gjennomsnitt. Nynorskinnlegga har på si side ein liks på berre 41.

Begge delar er innanfor same likskategori: «middels vanskeleg», på nivå med ein avistekst. Med nesten 23 000 innlegg på nynorsk og 229 000 på bokmål i datagrund-laget er det likevel ein talande forskjell.

Politikarane vel sjølv om dei vil ha innlegga sine refererte på bokmål eller nynorsk. Sidan dei ofte brukar manus frå talarstolen, får språket gjerne eit skriftleg preg, sjølv når dei snakkar dialekt.

BRUKTE JÆRDIALEKTEN Stor-tingspolitikaren som har brukt det enklaste språket frå talarstolen, er Unn Arrestad (Sp). Ho møtte på

Stortinget som vararepresentant for Rogaland frå 1997 til 2000, og hadde ein liks på 38 i snitt i sine innlegg. Arrestad peikar sjølv på dialekten og nynorsken som ein del av forklaringa:

– Eg trur det kan koma av at eg brukte den jærske dialekten min i alle innlegga på Stortinget. Dette vart igjen referert på nynorsk som igjen kan verka klarare enn bokmål (særleg det konservative), seier ho i ein e-post referert på retoriker.no.

Siri Bjerke (Ap) hadde til sa-manlikning det mest kompliserte språket på Stortinget, med ein liks på 51. Bjerke brukte bokmål.

MINDRE SNIRKLETE – Eg er einig med Unn Arrestad. Det er ein større verdi i nynorsk å halde ting mindre snirklete og mindre tysk/dansk i ordtilfanget, seier retorikk-ekspert Jostein Sand Nilsen.

Han meiner skilnaden handlar om språk, ikkje politikk, og viser til at det ikkje er nokon vesentleg for-

skjell på kor komplisert dei ulike partia snakkar.

– Sidan alle partia stort sett har same liks, tyder det på at det er språket sjølv som er tunga på vektskåla, og ikkje den enkelte re-päsentanten si ideologiske over-tyding, seier han, og peikar på at Frp ikkje har eit enklare språk enn andre sjølv om dei er partiet «for folk flest».

Tyder det at nynorsken er bygd opp på ein sånn måte at han er enklaste å forstå enn bokmålet? Nilsen, som sjølv kjem frå Halden, spekulerer i den retninga:


– Eg er langt frå nokon ny-norskmann, men eg er tilbøyelag til å meine at ja, nynorsk etymologi er meir gjennomsynleg og orda dermed kortare og språket dermed meir forståeleg. «Tilrå» er lettare å forstå enn «anbefale», seier han, men presiserer at dette er gjettin-gar frå hans side.

RUNAR B. MÆLAND
runar@framtida.no

#livVidMål

Den fyrste veka tok me med oss **Ivar Aasen** og la ut på summarleirturné til Raud ungdom, AUF og Unge Høgre. Ivar stod standhaftig på stand i tre dagar, fekk verva fleire nye medlemer og snakka med mange kjekke folk. Men snart lengta han heim, så me takka for innsatsen hans på stand ved å køyre han heim til Ørsta. Her kan de sjå korleis veka med Ivar på tur var:

Foto: Synnøve Marie Sætre



Sumarleirturné: På fødselsdagen til Norsk Målungdom la Synnøve Marie Sætre (til venstre) og Kirsti Lunde (i midten) ut på summarleirturné. Fyrst ut var Raud Ungdom på Skåtoya.

Foto: Kirsti Lunde



Utøya: Synnøve og Ivar i fint driv på stand hjå AUF på Utøya. Totalt verva me 10 nye medlemer her!

Foto: Foto: Synnøve Marie Sætre



Gild gave: På Unge Høgre sin leir på Hove gav målungdom og Unge Høgre-medlem Henrikke

Målungdomar på språkpolitisk su

Den årlege summarleiren til **Norsk Målungdom** var i år lagd til Tangvall skule i Søgne, den mest solrike kommunen i Noreg om ein skal tru internett.

Me hadde ikkje meir sol enn ein har i løpet av ei heilt vanleg veke andre stader i Noreg, men dei trettifem leir deltakarane såg ikkje ut til å bry seg særleg om det. Veka var nemleg full av språkpolitiske føredrag, skuleringar, fotballturnering, allsong og utflykt til Setesdal, så deltakarane hadde ikkje behov for spesielt vær for å ha noko å snakke om.

Leiren vart opna tysdag 5. juli av Søgne mållag, som mellom anna fortalte oss om dialekten i Søgne. Sørlandet vekkjer nok heller assiasjonar om kvite trehus og skjergard enn om nynorsk, men Søgne mållag synte at nynorsken høver like godt der som andre stader i Noreg. Difor passa det bra at nyvald leiar i Noregs Mållag, Magne Aasbrenn, heldt fram med å snakke om målsak under tittelen «Nytt land for nynorsken». Det årelange arbeidet for nynorsk og dialekt i Fredrikstad har gjeve Magne mykje erfaring i å jobbe for nynorsken i eit område der han tradisjonelt ikkje har stått sterkt, og han hadde mange tankar og tips som me i Målungdomen vil ha nytte av vidare.

Ondsdagen på summarleiren kan kanskje kallast leirens kjendisdag. Då var både Sveinung Rotevatn og Sylfest Lomheim innom. Sveinung Rotevatn snakka om nynorsken på

Stortinget, og om korleis ein best mogleg kan påverke og få gjennomslag for god språkpolitikk hjå stortingspolitikarane. Sylfest Lomheim snakka om koplinga mellom nynorsk og demokrati, og skapte eit livleg og godt ordskifte då han sa at nynorsk og bokmål slett ikkje er ulike språk, men heller variantar av same språk.

Seinare i veka tok Mila Vulchanova frå NTNU opp tråden då ho snakka om forskinga ho leiar på fleirspråklege fordelar av å kunne både nynorsk og bokmål. Mykje tyder nemleg på at språka er så ulike at hjernen handsamar dei som ulike språk, og at ein difor kan ha same kognitive fordelar av å lære nynorsk og bokmål som fleirspråklege med meir ulike språk har. Andre Nilsson Dannevig, som nyleg leverte masteroppgåve om elevar i osloskulen som byter til nynorsk som hovudmål på vidaregåande, snakka for oss

om oppgåva si. Han hadde særleg sett på kva som gjorde at elevane bytte, og kva som gjorde at mange av dei seinare bytte attende til bokmål. Mange av dei han hadde intervjuat, peikte på at dei bytte attende til bokmål seinare fordi dei vart stigmatiserte som nynorskbrukarar.

På fredag braut me opp frå Tangvall skule og bussa heile leiren oppover Setesdal til Setesdalsmuseet i Rysstad. Der skulle me ha omvising og to føredrag, men før me kom så langt, tok Karl Peder Mork ansvar for å innvie heile summarleiren i Ivar Aasen sine reiseskildringar frå då han var på reise opp Setesdal. Skildringane hans er spennande og ofte humoristiske. Aasen hadde til dømes merka seg at folk verka å sove meir i Setesdal enn andre stader.

Eitt av føredraga me hadde på Setesdalsmuseet, vart halde av sjølvaste Sigurd Brokke, kjend frå Dialek-



Foto: Synnøve Marie Sætre

Heime: Endeleg kom Ivar heim til Ørsta! Triveleg, men litt flau, tykte han statuen i sentrum var.



Foto: Synnøve Marie Sætre



På gravlunden: Ivar stakk innom si eiga grav på veg heim til Ørsta for å sjå om det var sant at han hadde fått så stor ei gravstøtte.

Madeleine Furu Ivar den beste geburstdagsgåva: Ho skal byte til nynorsk som hovudmål!

marleir i Søgne

triket på NRK og for å leie arbeidet med vallemål.no, eit oppslagsverk over vallemålet laga av Valle mållag. Han snakka om arbeidet med net-tordboka og heldt munnharpekonsern. Mellom to av låtane han spelte, kunne han fortelje at Setesdal var kjend for å ha fostra opp nokre menn som var særskilt kjende for å vere sterke. Om dei er det sagt at dei nyttja mykje tid på å sove, for å vere mest mogleg opplagde og fulle av energi til neste slåsskamp. Det andre foredraget på museet var det Astrid Rysstad som heldt. Ho er svært involvert i søknadsprosessen for å få folkemusikken i Setesdal inn på UNESCO si liste over immateriell kulturarv.

Veka var ikkje berre spekka med spanande språkpolitisk innhald. På leir skal det òg vere rom for å kople av og lade hovudet til nye ordskifte, og mange meiner at det best skjer når ein er i aktivitet. Difor hadde

me både volleyballkurs, fotballkurs og morgonyoga på programmet, og me har – som alltid før – fotballturnering på leiren. I tillegg vert underhaldningsverdien av sumarleirfesten på laurdagskvelden alltid løfta nokre hakk når Melodikappleiken, målungdomen sitt eige Melodi Grand Prix, tek til. Eigne – meir eller mindre målrørslerrelaterte tekstar – og fine melodiar, fører alltid til mykje latter og nokre nye songar å ha på hjernen resten av sumaren.

På årets leir var det både dei som har vore aktive i fleire år, og fleire som var på sin aller fyrste leir. Stemninga ved leirslutt vitna om kveikte målungdomar som gledde seg til å sjå kvarandre att på haustkonferansen i byrjinga av oktober, og fleire av lokallaga hadde allereie mange planar for hausten. Me kan berre slå fast at det gror godt i Målungdomen!

KIRSTI LUNDE
skrivar i Norsk Målungdom

»LANDET RUNDT



På stand med eit smil for Gloppe Mållag. Frå venstre: Britt Anita Gimmestad Vik, Reidun Sandøy Os og Kåre Risholm. Foto: Hege Lothe

STAND PÅ SANDANEDAGANE

Gloppe Mållag følgde tidlegare tradisjon og stod på stand på Sandanedagane. Det vart delt ut jakkemerke, snakka med forbi-passende, løyst quiz og selt både gradestokk, matboks og måleband til målarbeid.

VARANGER MÅLLAG 40 ÅR!

I oktober skal **Varanger Mållag** feira 40-årsjubileum. Både kommunen og Noregs Mållag står med pengar. Dei vil lage eit seminar, og hovudtrekkplasteret på feiringa er forfattar Frode Grytten. Me ynskjer til lukke med jubileet!

MÅLLAGET MED

PÅ LITTERATURFORUM Hadeland dialekt- og mållag, Foreningen Norden, Gran bibliotek, Randsfjordmusene og Hadeland kirkeakademiet samarbeider om **Hadeland litteraturforum**. Prosjektet har fått støtte frå Fritt Ord til å lage felles møte. Dei siste åra har dei hatt fleire svært godt besøkte tilskipingar.

ER TIDA MOGEN

FOR SAMNORSK? Dette spørsmålet vil **Hadeland dialekt- og mållag** ha til debatt den 25. september på Jevnaker bibliotek. Då kjem professor Rolf Theil for å snakke. Theil har sjølv vore medlem av både Landslaget for språklig samling og Noregs Mållag sidan 1960-talet. Framleis er både nynorsk og bokmål offisielle språk i Noreg, men kan tida no vere mogen for å samle Noreg til eitt språk?

SENJAMÅLHELG

Senjamållaget inviterer til Senjamålhelg 9.–10. september. Det blir seminar om senjamålet og grensene både til nynorsk og bokmål. Det kulturelle høgdepunktet er visekvelden laurdagen på restauranten til Mefjord Brygge. Det er sjølvaste eittårsdagen for skipinga av Senjamållaget. Det vert innslag av artistane Tove Karoline Knutsen, Ragnar Olsen og Erling Stangnes m.fl. som framfører tekstar og melodiar av mellom andre Arvid Hanssen, Tove Karoline Knutsen, Helge Stangnes, Erling Stangnes og Ragnar Olsen.

MARKERING AV TOR JONSSON

Inderøy Mållag har markert Tor Jonsson-jubileet med ei tilskiping i Sakshaug gamle kirke. Skodespelar Ragnhild Vannebo og musikarane Erling Aksdal og Jon Pål Indreberg bidrog med framsyninga *Kvite fuglar*. På Grong var det Naumdøla Mållag og Grong folkebibliotek som samarbeidde om å invitere til denne framsyninga i Gløshaug kirke.

DIALEKT-DIALOG I NUMEDAL

Lokalhistoriar **Lars Jacobsen** og dialektentusiast **Anders Olsen Søyseth** drog i gang ein spennande samtale om opphavet og særmerka til dei gamle dialektane i Numedal på ein Dialekt-Dialog under Middelalderuka. Heile 57 engasjerte tilhørarar fra heile Numedal var møtte fram på Sevletunet i Nore. Initiativtakar til arrangementet «Numedalsmålet – ein levande arv frå mellomalderen» var Bjørn Ole Hovda og Numedal Mållag, melder Laagendalsposten.

MÅLBLOME FRÅ BØ MÅLLAG Bø Mållag i Telemark har tildelt målblome til **Ingebjørg Bø**. Ho er journalist i Telemarksavisa.

– Eg blir audmjuk og rørt av å få ein slik pris, sa Ingebjørg Bø då ho blei overrekt målblomen. Ho har tidlegare skrive i Vest-Telemark Blad og var i det andre kullet av nynorskpraktikantane hjå Nynorsk mediesenter i Førde.

DIALEKTELR I HEMSEDAL

17 ungar frå heile Hallingdal deltok på årets dialektleir på Snertestøl i Hemsedal. **Tori Snerte**, Hemsedal Mållag og **Hått Halling** står bak leiren, som i år vart arrangert for tredje gong.

– Eg er oppteken av lokal tradisjon og identitet. Det er artig å motivere ungane til å halde på det som kling i fjellheimen, seier Tori Snerte til NRK Buskerud. Dei unge får lære om gardsarbeid og om dýra på stølen.

NYNORKSTAFETTEN 2016 For fjerde gang legg **Noregs Mållag** og **Norsk Målungdom** ut på Nynorskstafett. Stafetten vert sparka i gang under opninga av «Hællæ nynorsk»-festivalen i Fredrikstad tysdag 25. oktober. Stafettbilen skal i løpet av tre og ei halv veke turnera Gudbrandsdalen, Romsdalen og Nordmøre.

Are Kalvø ser på nynorsk misjoneringa og militærtenesta med same auga: Han skulle helst brukt tida på noko anna.

Det ufriwillige nynorskikonet

- DET ER IKKJE DETTE eg helst vil bruke eitt år av livet mitt på. Men om nokon som jobbar for demokrati og andre ting eg trur på, meiner det er ein god idé og at det fører til at folk får eit betre forhold til nynorsk, så okay, då kan eg ofre litt, slår 46-åringen fast.

Are Kalvø er mannen som «alltid» blir nemnt når folk som ikkje likar nynorsk fortel om unntaka dei så nobelt har funne.

NYNORSK BATMAN Kalvø er mannen som Språkrådet trekkjer fram som hjelpe og inspirasjon til lærarar i nynorskopplæringa. Han er Batman på nynorsk: Helst vil han leve i ei verd der nynorsken ikkje må «reddast», slik at han sjølv kan bruke tida på heilt andre ting.

Men med klingande sunnmørsdialekt, ein satirisk brodd få i Noreg kan matche og ein skarp penn med nynorsk som hovudmål, har språkprisane blitt kasta etter han – med kraft.

– Eg er klar over at det er statistisk større sjanse for å bli prislønt som nynorskbrukar enn bokmåls-

brukar, det er rein matematikk, men det er veldig stas likevel, hevdar han.

STOR GUT Om ein ser på talet prisar Kalvø er blitt tildelt, kan det sjå ut som han har ofra både søvn og sinn for nynorsk. Kringkastingsprisen, Målprisen og Vinjeprisen. Han har til og med fått Aksel Waldemars Minnepris for innsatsen for nynorsk som scenespråk. Sist ut er Storegutprisen.

– Eg skal byrje å presentere meg som det no framover: «Storegut Are Kalvø». Jau, den tittelen kler meg, meiner han.

I denne omgangen har Kalvø fått pris fordi han «på ein positiv måte brukar levande og ledig nynorsk – i det offentlege rom». Han blei presentert som «årets storegut» på høgtidleg vis i videoform på Facebook, framført av Odd Nordstoga.

– Eg kjenner at eg blir litt barnsleg stolt når eg ser ein video av Odd Nordstoga som les opp grunngjevinga til juryen, seier Kalvø.

– Juryen meiner du er ein moderne Aasmund Olavsson Vinje?

– Eg reknar med juryen veit kva

dei pratar om, så eg takkar audijsjukt for det eg reknar med dei har solid bakgrunn for å seie, flirer komikaren.

KOMIPRIS PÅ DO I nesten to tiår var Kalvø programleiar for satireprogrammet Hallo i uken på NRK P2, parallelt med at forfattarkarrieren skaut fart. Gjennom det heile har han vore standupkomikar, manusforfattar og skribent i Dagsavisen og Aftenposten. No boltrar han seg i ei verd fylt med teater og musikalar.

To år på rad har han vunne komiprisen – for showa «Kalvø – ein time av livet ditt du aldri får tilbake» og «Halve kongeriket». Prisane fyller kvardagen.

– No har eg nettopp flytta, og der er det litt lite vegg- og hyllepllass. Nokre prisar står i hyller, nokre på bord, nokre på golv. Målet mitt er at prisane skal stå på overraskande plassar. Ein av komiprisane står faktisk do, opplyser Kalvø.

Me møter 46-åringen midt i eit heller hektisk øvingsprogram. Han



Showet «*Kalvø – ein time av livet ditt du aldri får tilbake*» hadde premiere på Det Norske Teatret i oktober 2014. Dei aller siste framsyningane kan sjåast på Det Norske Teatret i Oslo i november og desember 2016. Foto: Erik Aavatsmark

er for tida plassert i teaterdistriket i Oslo, der han hjelper Dagfinn Lyngbø med ei komande framsyning på Christiania Teater. Sjølv har han har hatt Det Norske Teatret på andre sida av Spikersuppa som arbeidsplass i fleire år no.

GIGA-MUSIKAL PÅ NYNORSK
Etter at dei siste showa av «*Kalvø*» er ferdig på Det Norske Teatret i desember, har mannen frå Stranda på Sunnmøre fått i oppgåve å

Prosjekt:
Live Havro
Bjørnstad
(30) har fått
ansvar for
nynorsk frå
vogge til uni-
versitet i ny-
norskfylket
Hordaland.
Foto: Privat



Nynorskens
Møt **Live Havro**
Bjørnstad, den nye
prosjektmedarbeida-
ren i Hordaland og
Bergen Mållag.

I slutten av august byrja Live Havro Bjørnstad (30) frå Vossevangen i ei 80 prosent prosjektstilling delt mellom Hordaland og Bergen Mållag.

Hennar viktigaste oppgåve er å fremja nynorsk frå barnehage til høgare utdanning i heile fylket



omsette musikalsuksessen «The Book of Mormon». Musikalen, laga av South Park-skaparane Trey Parker og Matt Stone, har vore ein kjempesukses i USA og England i mange år allereie. No kjem den på nynorsk.

– Den har premiere neste september på Det Norske Teatret. Sverige blir faktisk først, men utover det blir dette den første ikkje-engelskspråklege versjonen, fortel Kalvø.

– Er du sjølv glad i musikalar?
– Eg er ganske glad i musikalar, og eg synest folk burde bryte ut i song mykje oftare i det daglege. Eg meiner heilt kvarlagslege sitasjoner, ute med kameratar og humøret er godt; bryt ut i song!

– Må alt rundt stoppe då, slik som i filmar og musikalar?
– Det beste er sjølv sagt om ingenting stoppar, men at folk etter kvart dansar med, og til slutt så beveger heile gata og byen seg, flirer 46-åringen.

ANSIENNITET OG PENGAR Tida vil vise om Kalvø får pris, anten for språk eller komikk, etter at musikalen har herja Noreg. Allereie har han, gjennom prisar, fått slått fast at han har godt språk, er ein god ambassadør i det offentlege rom og at han er morosam.

– Eg kan vel eigentleg berre legge opp, seier han lett sarkastisk.
For slutte skal han ikkje, men kva han skal er uklart.

– Eg anar rett og slett ikkje kva

som skal ske i åra framover. Eg har derimot planlagt å ha ganske mykje fri, kose meg og gjøre mykje artige ting.

– Du skal aldri pensjonere deg, berre gjøre litt og litt mindre?

– Ja. Veldig bra, akkurat det er planen min. Eg skal ta litt meir betalt etter kvart som ansienniteten stig, og så når eg er 62: heilt slutt, gliser Kalvø. (©NPK)

HANS OLAV RISE
NPK

redningskvinne i vest

og byen, som har meldt seg på i kampen om å bli Noregs nynorsk-hovudstad. Difor ville me gjerne verta betre kjent med nynorskens redningskvinne i vest.

– Først, kva utdanning og arbeids erfaring har du?

– Eg har ei mastergrad i allmenn litteraturvitenskap, med idéhistorie, filosofi, religions- og kulturvitenskap i fagkrinsen. Og så har eg teke eksamen i alt det er råd å ta eksamen i på franskstudiet. Både i studietida og etterpå har eg arbeidd med barne- og ungdomslitteratur, i bokhandel og i fleire forlag. I tillegg har eg også administrert kortare prosjekt ved

Institutt for framandspråk på Universitetet i Bergen. Eg er glad i både lesing, skriving og organisering.

– Kva er dine arbeidsoppgåver utover det å sikra nynorskken frå barnehage til universitet?

– Eg har ansvar for den daglege drifta, kan du seia. Mellom anna skal eg syta for å halda dei ulike nettressursane til Hordaland Mållag oppdatert, vera med på å planleggja og gjennomföra dei aktivitetane som mållaga har i vest har gåande, arbeida mot politikarar og næringslivsaktørar for å minna dei på kor viktig det er å leggja til rette for at nynorsk skal vera ei levande målform, og freista å blåsa

liv i nynorsk miljø der det ikkje er lokallag for augneblinken.

– Kva meiner du er dei største nynorskutfordringane i Bergen og Hordaland?

– Dei største utfordringane framover trur eg kjem til å dreia seg om det personlege språkmedvetet hjå den jamne hordalendingen. Kunne ein klara å skapa engasjement hjå kvar og ein for det skriftspråket ein vel, ville mykje vere gjort. Når ein har eit aktivt og ope forhold til språket sitt, både i jobb og på privaten, vert ein gjerne også meir audmjuk overfor stoda ein møter hjå naboen og elles ute i samfunnet. Og språk er

jo i vinden for tida, så det skulle kan hende ikkje vera heilt uoppnåeleg.

– Kva må til for å styrkja nynorsk i fylket?

– Til det trengst det først og fremst vilje, noko som ser ut til å vera godt på veg fleire stader. Dessutan må me ha nokon til å fylgja med, fylgja opp og sjå etter at ein er like god når det gjeld praktisk gjennomføring av tiltak som ein er det på eit idealistisk nivå.

– Er Bergen nynorskbyen?

– Eg trur i alle fall me er på veg til å verta det!

ANDREA RYGG NØTTVEIT
andrea@framtida.no



Språkprotest: – Den norske offentlege skulen skal ikkje vera ein skanse som gjev etter og tildeler norsk språk ein andrerangs posisjon i Noreg, seier leiar i Noregs Mållag, Magne Aasbrenn. Foto: Noregs Mållag

Mållaget reagerer på offentleg engelskskule

Noregs Mållag reagerer sterkt på at all undervisning for 80 elevar i 1.–4. klasse på

Manglerud skole

i Oslo frå i haust skal gå føre seg på engelsk.

– Om denne utviklinga grip om seg, vil det føra til ei alvorleg svekking av bruken av norsk språk i norsk skule, og det vil styrkja ei utvikling som går i retning av at engelsk blir det einaste brukte språket i norsk undervisnings- og arbeidsliv, seier Magne Aasbrenn, leiar i Noregs Mållag i ein kommentar på nettsidene til Mållaget.

INTERNASJONAL LÆREPLAN

Det er Utdanningsdirektoratet som har sagt ja til søknaden frå Manglerud skole.

På nettsidene til skulen heiter det at all undervisning i det nye skuletilbodet er på engelsk etter internasjonal læreplan, men at det blir gjeve undervisning i norsk som morsmål og i norsk som andre-språk. Tilbodet er eit forsøksprosjekt og omfattar i første omgang 1.–4. trinn, men planen er at tilbodet skal byggjast ut år for år til det omfattar 1.–10. trinn.

Ifolge Mållaget skal undervisningsopplegget på Manglerud skole følgja systemet som blir føgt på Oslo International School og 18 andre private grunnskular.

FRYKTAR SVEKKING

Mållagsleieren meiner tilbodet reiser viktige prinsipielle spørsmål.

– I ytste konsekvens står det her om framtida til norsk språk i Noreg, både bokmål og nynorsk. Den norske offentlege skulen skal ikkje vera ein skanse som gjev etter og

tildeler norsk språk ein andrerangs posisjon i Noreg, seier han.

Aasbrenn seier vidare at Noregs Mållag håpar at forsøksordninga ikkje blir utvida til andre offentlege skular før prosjektet er evaluert etter utgangen av 2020.

– PARADOKS Noregs Mållag seier dei forstår den pedagogiske tanken bak forsøket, men synest likevel det er underleg med eit slikt tilbod i offentleg regi.

– For Mållaget er det vanskeleg å forstå at i ei tid då mange meiner norske elevar er urovekkjande därlege i norsk, så opnar Utdanningsforbundet for ein skule der elevane skal ha undervisning på eit anna språk enn på det offentlege språket i landet vår, seier Aasbrenn.

Han viser til at engelsk ofte pressar seg fram uansett og meiner kunnskap om eige språk og eigen kultur er det det ofte skortar mest på.

– Språket ein underviser i på skulen, viser kva prioriteringar eit samfunn gjer når det gjeld framtida og overleveringsevna til eigen kultur, seier Magne Aasbrenn.

FORSØK PÅ SØRLANDET

Oslo er ikkje den første kommunen i Noreg som gjennomfører eit slikt forsøk. Utdanningsdirektoratet opplyser til Nynorsk pressekontor at Arendal kommune hadde eit forsøk med såkalla IB-tilbod i grunnskulen frå skuleåret 2006/2007 og til og med skuleåret 2012/2013.

Kristiansand kommune hadde også eit slikt forsøk i grunnskulen frå 1. januar 2008 til og med skuleåret 2012/2013.

Arendal International School er no ein friskule etter friskulelova, det vil seia ein privatskule med statstilskot, medan Kristiansand International School er ein privat skule utan statstilskot, opplyser Utdanningsdirektoratet. (©NPK)

MARGUNN SUNDFJORD
NPK



Nynorsk e beste vale

Ei påminning frå målmann **Jens Haugan** om kvifor det er lurt å skriva nynorsk.



Jens Haugan, dosent i norsk Høgskolen i Hedmark og leiar i Hamar dialekt- og mållag

»INNLEGG

skal gidda å lese det dei har å seie. Dette kan då ikkje vere riktig i eit demokratisk samfunn.

Det er stort sett valfritt å bruke den målforma ein sjølv føretrekker. Men denne valfridommen føreset at ein faktisk kan bruke begge målformene når som helst og kvar som helst. Det kan ikkje vere slik at ein opplever diskriminering i kvarldagen fordi ein bruker den eine eller den andre målforma. I praksis er det dessverre slik at mange nynorskbrukarar opplever diskriminering. I den grad dei får tekstar på nynorsk i dei samanhengane dei har krav på det, er det ofte dårleg nynorsk. Og i andre samanhengar kan dei oppleve at folk ikkje vil lese det dei skriv på si målform.



SYNNØVE MARIE SÆTRE
Leiar i Norsk Målungdom



Foto: freeimages.com

r faktisk det t på alle måtar

Dobbelt så mange nynorskbrukarar som islendingar

Det er vanskeleg å rekne seg fram til kor mange som faktisk bruker nynorsk i Noreg – og ikkje minst kor mange som helst ville ha brukt nynorsk, men lèt vere på grunn av språkleg diskriminering. Men lat oss no seie at det er ca. 12-13 prosent ut frå skolemålsfordelinga. Det ser ut som eit relativt lite tal, men det er likevel ca. 600 000 menneske, som ikkje er noko lite tal. Det er nesten dobbelt så mange som heile Islands befolkning. Gjennomsnittstalet seier heller ikkje noko om at det i nokre område i Noreg kan vere opp mot 100 prosent nynorskbrukarar.

Ja, det er mange som skiftar frå nynorsk til bokmål på grunn av majoritetspresset i samfunnet. Men det viser seg òg at det faktisk er svært lett for nynorskbrukarar å skifte til bokmål. Nettopp fordi ein møter bokmål overalt, kan ein nesten ikkje unngå å lære bokmål, sjølv om ein har nynorsk som hovudmål. Lærer du nynorsk først, får du bokmål med på kjøpet.

Få nynorskelevar hatar bokmål

Kva er så fordelane med å ha nynorsk som hovudmål i skolen?

Mange studiar viser at det er ein stor fordel å lære fleire språk, og ikkje minst å vere tospråkleg, som ein i praksis blir når ein meistrar bokmål og nynorsk like godt. Det har god effekt på andre læringsområde, så ein presterer generelt betre i skolen, og det ser til og med ut til å forseinkne demensproblem seinare i livet.

Mange bokmålselevar innrømmer utan å blunke at dei «hatar» nynorsk. Det finst derimot heller få nynorskelevar som hatar bokmål. Møter ein nynorsk som sitt første skriftspråk i skolen, er sjansen større for at ein ikkje kastar bort ressursar og energi på å hate ein del av den norske skriftkulturen og personar som ein assosierer med nynorsk. Dette vil potensielt også kunne motverke mobbing i skolen og skape større toleranse i det fleirkulturelle samfunnet som vi alle er ein del av.

Dei som hatar nynorsk får ikkje like mykje ut av skolegangen

Eg underviser i norskspråklege emne i lærarutdanninga og møter kvart semester nye studentar som slit med å produsere gode tekstar på nynorsk. Studentane har valt å ta ei utdanning der

det står eksplisitt i dei offisielle nasjonale rammeplanane at ein skal meistre bokmål og nynorsk like godt. Men sidan dei har hatt nynorsk som sidemål i skolen, og fordi dei blei sosialiserte inn i ein kultur der ein meiner at nynorsk er mindre viktig, eller at ein til og med kan ha lov til å hate nynorsk, har dei ikkje fått like mykje ut av skolegangen som dei som hadde nynorsk som hovudmål og meistrar begge målformene meir eller mindre like godt.

Faktisk det beste valet på alle måtar

Dersom du er ein vaksen person som ønskjer det beste for den oppveksande slekt, stemmer du for nynorsk som hovudmål i skolen. Det er faktisk det beste valet på alle måtar – dersom ein aksepterer at Noreg har to offisielle, norske skriftspråk, og det skal vere reell valfridom for dei vaksne å bruke den målforma ein føretrekker.

JENS HAUGAN

Innlegget var først publisert i Gudbrandsdalen, som svar på eit folkeinitiativ for å byta hovudmål i Sør-Fron.

Gje oss lærebøkene våre!

EIN SEINSUMARDAG for ni år sidan samla fleire hundre av elevane på skulen min seg i gymsalen for å streike. Me hadde fått storfint besøk frå Oslo, frå sjølvaste Norsk Målungdom, og me streika for å få lærebøkene me hadde krav på. Kunnskapsløftet var innført, og for vår del tydde det at me laut vente til langt uthausten før me kunne tilegne oss kunnskap frå nynorske lærebøker.

DEN GONGEN HADDE eg ikkje mykje greie på kva eg hadde rett på som nynorskelev eller kva for urett nynorskelevar landet rundt vert utsette for år etter år, men eg syntest det var stas med både streik og nynorsk. Eg vissste heller ikkje kor heldig eg var. Rett nok hadde eg ikkje fått lærebøkene mine i tide, men eg hadde lærarar som køyrdé kopimaskinene på skulen varme for at me skulle få lærestoffet på nynorsk, før forлага hadde summa seg til å trykkje opp papirutgåvane.

NYNORSKE LÆREMIDDEL har vore ei kampsak i lang tid, og det eksploderte i 1971 då 30 000 elevar frå heile landet gjekk til streik for språkleg jamstilling i skulen. Det er 45 år sidan dei fyrste aksjonane tok til på Øystese gymnas, og 42 år sidan lov om videregående opplæring vart vedteken. Kravet om obligatoriske nynorske parallellutgåver er slått fast, men likevel må me kjempe vidare.

KVAR HAUST VERT ME i Målungdomen kontakta av elevar som ikkje får lærebøkene sine på nynorsk. No skjønar eg kor heldig eg sjølv var då eg gjekk på vidaregåande. Der eg hadde lærarar som kjempa saman med oss, møter desse elevane sjeldan velvilje frå lærarane sine eller biblioteka på skulane. I fjar måtte eitt av lokallaga våre, i nynorsk-fylket Møre og Romsdal, stå på i heile tre månadar for å få éi einaste lærebok på nynorsk. Andre elevar får beskjed om at det ikkje er mogeleg å få tak i nynorske lærermiddel, og får ikkje bøkene før dei slår lova i bordet. Det er beint fram skammeleg.

DET ER IKKJE ALLE som er like tøffe som desse elevane, og det skal ikkje vere naudsynt at dei sjølve må stå opp mot skulane for å få lærebøkene på språket sitt. Skulane må ta ansvar for elevane sine og bidra til å gjere dei til trygge språkbrukarar framfor å neglisjere språklege rettar og undergrave den språklege jamstillinga i skulen.

ME I MÅLUNGDOMEN skal gjere vårt. Me skal halde fram med å opplyse elevar om kva for språklege rettar dei har, sende siste brev til skular som ikkje tek desse rettane på alvor, lage bråk og stå urokkelege saman med elevane i kampen for nynorske lærermiddel!

Arne Brimi lokkar turistar til Lom og Vågå for historier på dialekt og gastronomiske opplevingar frå distriktet.

Dialektkokken

– I TOLVTE TIME kom Gyldendal og sa at det berre er éin person i Noreg som gjev ut kokebok på nynorsk. Og det er ho Ingrid (Espelid Hovig journ. mrk.), seier Arne Brimi.

Men den nynorske kokeboka *Frå Lom til Lyon* vart ein kjempesuksess. Sidan kokebokdebuten, som kom i kjølvatnet av Arne Brimi si Bocuse d'Or-deltaking i 1987, er klassikaren ifølgje forfattaren sjølv seld i rundt 200 000 eksemplar.

– Det kallast nynorsk det eg skriv, men for meg handlar det ikkje om nynorsk eller bokmål. For meg handlar det um dialekt.

Brimi er oppteken av å skriva så nær talemålet sitt som mogleg. Noko som betyr at han ikkje finn seg riktig til rette i nynorsken, som han til tider finn kunstig.

GASTRONOMIDISTRIKT

Me møter heile Noregs vagvær på rutebilstasjonen på Vågåmo. Vianvang senter for matkultur er stengt for sommaren, men Brimi har travle dagar for det.

– Kva er dialekt for deg?
– Identitet, kjem det konstant frå 60-åringen.

– Me lever i eit samfunn som er bygd på pengar, og skal vera i ständig vekst. Då vert på ein måte ikkje identitet verdsett. Alt ein ikkje klarar å setje kroner og øre på i dag, er ikkje bra, seier Brimi.

Men for kjendiskokken har nettopp denne identiteten vorte eit varemerke som lokkar tilreisande til bygda for å smaka på både mat og historier.

Serveringsstaden Vianvang vart påbyrja i 1998 og er i dag ein del av Brimiland. Saman med Vegard og Eva Brimi, som driv Brimi Fjellstugu, tilbýr Arne Brimi opplevingspakkar med mat og overnatting i Jotunheimen.

Sett med gastronomiske auge er ikkje kokken i tvil om at dei norske distrikta har mykje å by på.

– Det er spenninga mellom by og bygd som gjer gastronomien så

»ARNE BRIMI

- Fødd 1. oktober 1957
- Driv Vianvang senter for matkultur i Vågå
- Kjøkensjef på Fossheim turisthotell i Lom 1978–2002
- Vart i 1987 første norske deltakar i Bocuse d'Or
- Har gitt ut kokebøkene *Frå Lom til Lyon* (1987), *Frå naturens kjøken* (1991) og *Ein smak frå norsk natur* (1993).
- Kåra til Årets kjøkkensjef i 1984
- Vart i 2005 utnevnd som æresdoktor ved Norges miljø- og biovitskaplege universitet (NMBU)
- Utnevnd til riddar av St. Olavs Orden i 2005

grenselaus og spanande. Den store utviklinga i gastronomien i Noreg trur eg kjem i distrikta, seier Brimi, som spår at denne gryande trenden vil slå ut i full blom om nokre år.

BOKMÅLSFORSØK Etter tilbakemeldinga frå det første forlaget prøvde Arne Brimi faktisk å skriva bokmål, utan særleg hell.

– Eg fekk det ikkje til. Språket mitt blir for fattig. Eg har ikkje dei uttrykkja og vendingane. For meg vart det gale, seier Brimi, som no kan gle seg over at Universitetsforlaget kom på banen og gav ut boka slik forfattaren sjølv ville.

Då Universitetsforlaget i 2000 vart splitta opp og delt mellom Aschehoug og Gyldendal, fekk sistnemnde eigarskapet til slutt.

TV 2-DIALEKTA Etter å ha vore fast innslag på det norske kokke-landslaget i fleire år, var det TV

2-programmet Gutta på tur (1995–2002), som for alvor gjorde Arne Brimi kjent for absolutt alle norske tv-sjårarar.

– Det er jo slik at dialektene i norsk tv kom med TV 2, og særleg vêrdamene, slår Brimi fast.

På 90-talet fekk Brimi tilbakemeldingar på at tv-sjåarane ikkje forstod kva han sa, men det er ifølgje dialektentusiasten berre ei vanesak. Slike tilbakemeldingar har han fått heilt sidan han som 16-åring reiste til Lillehammer for å gå på skule.

Ifølgje Brimi sjølv ligg dialekt hans ligg ein stad mellom Vågå og Lom, der han som 17-åring starta yrkeskarrieren med sin første sommarjobb på kjøken.

– Det er nokre små forskjellar på dei få kilometrane du vandrar her. Men eg har mykje frå Lom. Det er på ein måte Lom og den kulturen der som har skapt meg som kokk.

VÅGÅMÅLET Men sjølv om han har henta mykje frå Lom – både når det kjem til språk og smak – har Arne Brimi framleis adresse i Vågå.

– Merka du den negative merksemda Vågå-dialekta fekk under straffesaka mot Rune Øygard i 2013?

– Det har vore ein forferdeleg prosess for oss som bur og har adresse i Vågå. Me er ei flott bygd og har frykteleg mange flinke folk. Ei bygd full av moglegheiter, og den saka der var krevjande for folk. Eg har ikkje fått avbestillingar på grunn av det. Men eg trur ikkje det er folk i min alder som merka det mest, men dei unge, som møter andre unge ute. Det er ikkje greitt å vera elleve-tolv år og koma på ein leirskule med folk frå andre stader og få den midt i andletet. Det er nok noko som fleire av dei aldri kjem til å gløyma, seier Brimi, som meiner saka var tragisk for mange partar.

Men dialektambassadøren meiner bygda har reist seg att og er glad for at folk framleis brukar dialekta.

TOGTUREN – Nei, eg trur det er jælma bra å ha dialekt. Det er éin av mange ting som gjer oss spesielle. Det er positive og negative sider, men det er stor takhøgd for dialektene i Noreg.

For Brimi er det viktig at folk får vera seg sjølve, difor tykkjer han at dialektmangfaldet i Noreg er så fantastisk. Men dialektentusiasten undrar seg over andre dalføre, som mistar dialekta si.

– Så hører eg det at østfoldingane ikkje er stolte nok av dialekta si. At ho er fordummande. Det er synd, det er slik ei flott dialekt.

– Kva er det som gjer at folk er så stolte og flinke til å halde på dialekta si i Lom og Vågå?

– Det kan hende at me er litt treige då.

Brimi dreg litt på det.

– Nei, eg veit ikkje. Det går ikkje tog her. Du merkar godt at alle plassar toget har stasjon, vert det fort andre uttrykk, seier Brimi, som trekker fram Dombås og Otta som døme.

– Kva er det ordet du får mest respons på?

– Det er sjalottlauk og jælma. Mange trur at jælma er jævlig, men det er ikkje det. Det er eit fint ord. Så brukar eg det kanskje litt for mykje.

Men Brimi er ikkje mindre glad i sjalottlauken sin.

– Så eksponert som eg var i tv, så var sjalottlauken ei god greie å halda seg til. Til og med Aftenposten slutta å skriva sjalottlauk med ch-, no blir det skrive sjalottlauk med sj- i Noreg.

ANDREA RYGG NØTTVEIT
andrea@framtida.no

Smak av språk: Sjalottlauken følger framleis Arne Brimi, som trur at dialekta gjer han lett å kjenne att.
Foto: Brimiland.no



For lomværane er **dialekta** ein viktig identitetsmarkør.



– TURISTANE SKJØNA

– EG KJEM FRÅ LOM, men eg knotar(*)

Ane Hovde Bø svarar litt unnskyldande på spørsmålet om ho er lokal og kan tenkja seg å snakka litt om dialekta si.

21-åringen jobbar som sommarguide hjå Aktiv i Lom, som kan freista med både klatrevegg og Prestfosstraversen – ein zipline, eller taubane om du vil – over elva Bøvra.

*For dei som ikkje har verbet å knota som ein del av sitt vokabular, kan nynorskordboka informera om at det dreier seg om å «tale (skrive) oppstyla, unaturleg» eller å «danske».

TURISTKRYSET Lom kommune i Nord-Gudbrandsdalen, som i gammeldagar låg avsides utan tog-samband, er i dag eit knutepunkt mellom aust og vest. I bygda der riksveg 15 møter fylkesveg 55 – ofte kalla Sognefjellvegen – stoppar norske, danske, nederlandske og tyske turistar for å smaka bollar frå det vidjetne Bakeriet i Lom.

»LOM

- ▶ Kommune i Oppland
 - ▶ Ligg saman med nabokommunane Vågå og Skjåk i Ottadalen, ein sidedal til Gudbrandsdalen
 - ▶ Grensar òg til Lesja, Vang i Valdres og Luster i Sogn og Fjordane
 - ▶ Den sørlege delen av kommunen er ein del av Jotunheimen nasjonalpark
 - ▶ Både Glittertinden (2452 moh.) og Galdhøpiggen (2469 moh.) og
 - ▶ Glittertinden (2452 moh.) ligg i Lom
 - ▶ Areal: 1969 km² (2016)
 - ▶ Innbyggjartal: 2347 (2015)
 - ▶ Administrasjonssenter: Fossbergom
 - ▶ Administrasjonsspråk: Nynorsk
 - ▶ Lom var tidleg ute blant austlandskommunane då dei innførte landsmålet i skulen i 1899
- Kjelde: SSB, SNL

Er du friluftsentusiast, er det hit du reiser for å kryssa det høgaste punktet i Noreg av lista over plassar ein må vitja før ein dør. Kommunen er stolt ambassadør for fjellområdet Jotunhei-

Seinast dagen i førevegen tok ho seg difor i å snakka bokmål åt ein lomvær.

– Turistane skjønar ikkje alt eg seier, så då blir det naturleg for meg å prata bokmål. For å vera ærleg så vil eg jo halda på dialektami, men det blir jo vanskelegare og vanskelegare når folk ikkje skjønar kva oss si, forklarar 21-åringen, som òg opplever at studiekamertane i Trondheim ikkje skjønar alt ho seier.

FRÅ DAL TIL DAL Fleire austnorske dialekter har dei siste tiåra vorte stadig meir truga av oslomålet. I Hallingdal har det gått så langt at Hemmedal Mållag i sommar arrangerte dialektleir for born for tredje året på rad.

Hallingdal kan på sett og vis samanliknast med Nord-Gudbrandsdalen, fordi båe plassane har mykje turisme knytt til naturen og ein sterk folkemusikktradisjon. I tillegg har dei lokalavisene Halling-



Lokalpatriot: Ordførar Bjarne Eiolf Holø er stolt av heimkommunen Lom, men ser gjerne at næringslivet vert endå flinkare til å brukha nynorsk.

Aktiv jobb: Studentane Ane Hovde Bø (21) og Marthe Trønnes (22) poserer framfor Lomseggen i heimbygda, der dei har sommarjobb hjå Aktiv i Lom.

Alle foto: Andrea Rygg Nottveit

ÅR IKKJE ALT EG SEIER

dølen og Fjuken – som både held på nynorsken.

Stolte bygdefolk held på dialekt. Sportsheltar, kulturkjendisar og flott industri er ifølgje eit forskingsprosjekt frå tusenårsskiftet faktorar som innbyggjarar er stolte av, og som hjelper dei å halda på dialektta, sjølv om dei bur borte frå heimbygda.

Prosjektleiar var Gunnstein Akselberg, professor i nordisk språkvitskap ved Universitetet i Bergen.

– Det handlar om å vera stolt av den geografiske, sosiale og kulturelle bakgrunnen sin. Det er knytt til identitet og personlegdom. Det kan vera farleg å snakka om sterke og svake personlegdommar, men det kan dreia seg om trygg eller utrygg, seier Akselberg på telefon frå heimbygda Voss.

VOSSAPARALLEL Er du trygg på eigen identitet og kulturen du representerer med dialekta di, er det med andre ord lettare å halda på dialektta, enn om du har min-

dreverdigheitskompleks på vegner av heimbygda.

I tillegg til desse indre faktorane peikar Akselberg på ytre faktorar, som kommunikasjon, anten det er med bil, buss, tog, og fly eller telefon og internett.

Gudbrandsdalen og Hallingdal liknar ved at både er trafikkknutepunkt. Gjennom både dalføra går det veg mellom nokre av dei største byane i Noreg. Likevel er det ein annan stad lingvisten dreg fram i samanlikning med Lom. For på same måte som vossingane er stolte av å vera frå Voss, er lomværene stolte av å vera frå Lom.

DYNAMISK DIALEKT Akselberg er oppteken av at dialekt er noko dynamisk, som ikkje skal halda seg til ei bestemt norm.

– Eg plar seia til studentane mine at ei levande dialekt rører på seg og ei daud dialekt er ei som stivnar. Media er veldig oppteken av at dialektene endrar seg og er daude. Det er ei vanleg oppfatning

at bydialekt spreier seg og valsar ned dialektane, forklarar Akselberg, som meiner at det like mykje er byfolket som flyttar utover, som dialekta deira.

Om noko, ser Akselberg at det vert mindre vanleg å leggja permanent om for å passa inn i ei viss stilling og posisjon, medan det er lov å knota på dialekta i visse samanhengar.

– I norsk media møter ein mykje dialekt. På den måten er det nesten eit lite dialektparadis. Det er svært få land i verda som har så mykje dialekt i det offentlege rommet. Og nynorsken har knapt nokon gong vore så profilert i samfunnet som i dag.

INGEN NYNORSKLEKTOR Då 22 år gamle Marthe Trønnes byrja studera for fire år sidan, var ho fast bestemt på å prata dialekt heile tida, men det siste året tek ho seg i å leggja litt for mykje um.

– Eg har lett for å slå om for å prata meir effektivt og bli forstått.

Men eg er glad i dialekta mi og prøver å brukha ho så mykje eg kan, seier lektorstudenten, som satsar på realfag.

Men medan Marthe har bytt hovudmål til bokmål etter at ho byrja å studera, har Ane halde på skriftspråket sitt.

– Eg synest eigentleg det er mykje greiare å skriva på nynorsk. Eg synest eg skriv betre. Samstundes så er det jo litt stas når ikkje alle kan det, ler Ane, som møter på utfordringar når medstudentar skal retta tekstane hennar.

Men på sosiale medium er det dialekt som gjeld for både to – så lenge mottakaren ikkje har vanskar med å forstå. Marthe skriv ikkje dialekt til byfolk, med mindre ho kjenner dei «jælma godt».

ORDFØRARENS KONTOR Rundt hundre meter – eit langt steinkast – frå boltrepllassen til Aktiv i Lom ligg kommunehuset.

«Kom til Lom» står det på eit

“ Det var andre i mi aldersgruppe som reiste åt Oslo den gongen, som fekk beskjed om at dei måtte leggja frå seg dialekta på arbeidsplassen sin.

Vigdis Kroken



klistremerke på arbeidsmaskina til ordførar Bjarne Eiolf Holø.

Senterpartipolitikaren er ikkje redd for dialektstoda i bygda, som han meiner berre har vorte betre og betre, særleg dei siste ti åra.

– Noko som eg kanskje er meir uroa for, er at dei lett vel bort nynorsken når dei kjem opp i vidaregåande eller på høgskulenivå. Det skremmer meg litt, samstundes som eg er glad for at dei held på dialekta. Ungdom skriv mykje dialekt på sosiale medium, noko som er både på godt og vondt. Dialekt er bra å brukha munnleg, så trur eg ein skal vera litt forsiktig med det skriftleg, seier Holø, som likevel må medgje at han gjerne týr til dialekt på chat.

Lingvist Akselberg er ueinig med ordføraren og meiner fordeleane med den enorme tekstuksjonen blant ungdomane veg opp for ulempene.

– Det gjer òg sitt til at unge får eit mykje meir medvite forhold til dialekt, understrekar språkprofesoren.

VÅGÅ-SAKA Men attende til ordførarens kontor.

Om du no får visse assosiasjo-

nar når det er snakk om dialekt på chat i området rundt Vågå, er du neppe åleine.

– Var det slik at de merka den negative merksemada som Vågå-dialekta fekk under straffesaka mot Rune Øygard for tre år sidan?

– Me merka at det vart harselert med dialekta vår. Det vart ein del ord og uttrykk som vart assosiert med den saka – som gjerne vart vrengde ein del på, som me ikkje kjende oss att i. Som blautt – eit ord me brukar når det regnar og du går uti marka. Sei «det er blautt i graset». Så vart det sett på som eit ord som var slik ... Det er det ordet eg hugsar som når folk sa det så var det slik ... oi sann.

Ordføraren stoppar opp.

– Det er spesielt, men no trur eg det er meir eller mindre borte att.

LOKALT NÆRINGSILV Senterpartiordføraren trur at stoltheit og identitet er viktige stikkord for at dialekta står så sterkt i området. Her løftar han fram dialektambassadør Arne Brimi, som strengt tatt er frå Vågå, men som er sterkt assosiert med nabobygda Lom, der han starta kokkekarierten sin. Motorkrosskøyrrar André Villa er



Tradisjonell: Arkitekturen i Lom ber preg av at bygda vil ta vare på sitt tradisjonelle image. I same gata som det vidgjetne Bakeriet i Lom finn du Smak i Lom, med eit breitt utval lokale godsaker.

ein yngre dialektambassadør, som òg er stolt vagvær.

Holø peikar òg på at mykje av det lokale næringslivet er lokal-eigd og at det difor vert brukt dialekt på arbeidsplassen.

Lom kommune er bevisst på å

bruka nynorsken aktivt i marknadsføring, og ordføraren sjølv er ikkje redd for å stressa næringslivet litt for å betra nynorskstoda.

SMAKFULL KRIM Ei av bedriftene som både leverer nynorske menyar



“ Eg kjenner ein irritasjon når eg må seia veldig i staden for jølma, når eg er i Oslo.

Ragnhild Kolden

Stuttreiste mord: – Her var det ho Hildegunn vart drepen. Ho var så frekk og snikparkerte her inne, forklarar Ragnhild Kolden (t.h), som saman med Vigdis Kroken utgjer noko så sjeldan som ein nynorsk krimduo. I bakgrunnen skimtar vi kyrkja, der sokneprest Einar Gelius gjorde ei skremmande oppdaging.



Jubileum: Så langt i år er det 13 prosent nynorsk utlån frå Lom folkebibliotek. Bibliotekar Rita Mundal gjer seg klar til å feira 100-årsjubileet for den lokale diktaren Tor Jonsson.

og dialekt bak disken, er Smak i Lom, der ein kan få lokal mat frå Brimi gard. Her har krimduoen Kroken & Kolden reservert bord.

I år feirar Diktardagane i Lom og Lom bibliotek, som tidlegare har vorte kåra til landets beste,

hundreårsjubileet for Tor Jonssons fødsel. Diktaren og bladfyken frå Lom er kanskje best kjend for å ha gitt oss uttrykket bygdedyret, eit uttrykk forfattar Ragnhild Kolden kunne prata lenge om.

Ho er ein del av den Oslo/

Lom-baserte krimduoen Kroken & Kolden, som gjev ut nynorsk krim på Samlaget. Til vanleg er Kolden busett i Oslo, noko ho har gjort dei 25 siste åra. Før det igjen var ho attå år i Trondheim.

– Eg pratar dialekt, uansett kvar eg er. I Trondheim trong eg ikkje leggja om i det heile teke, for trønderane er jølma flinke. Men i Oslo må du leggja om litt, mellom anna fordi det er mange innvandrarar. Og på telefon må du unngå dei verste dialekttorda, seier Kolden før ho rettar seg sjølv:

– Ikkje dei verste, men vanskelegaste.

– Er det vanskeleg å halda på dialektia når du må leggja om enkeltord for å bli forstått?

– Ikkje vanskeleg, men det er litt irriterande. Då føler eg liksom at ...

– Du ikkje får vera deg sjølv, skyt Kroken inn, og gjev Kolden vatn på mølla.

– Ja, det er noko med det. Om me blir sinte eller engasjerte. Du får liksom ikkje uttrykt alt du vil, om du ikkje får bruka ditt eige språk. Men så tenkjer eg at for innvandrarar, som kanskje ikkje får

prata språket sitt på månadsvis, er det jo hundre gongar verre. Så ein skal ikkje klaga. Men eg kjenner ein irritasjon når eg må seia veldig i staden for jølma, når eg er i Oslo. Eller – eg må ikkje, men eg gjer det.

KNOTING I OSLO Sommaren brukar Kolden heime i Bøverdalen. Saman med Vigdis Kroken er ho i gang med si fjerde krimbok. Stuttreiste mord frå Lom kallar dei det, forfattarane som brukar både lokale stader og personar i krimplotta sine.

– Oss har drepe ein person alleie, det gjer me med ein gong, ler Kroken, som til dagleg jobbar som journalist i lokalavisa Fjuken.

Kroken er heimekjær, men òg ho reiste til Oslo for ein periode på 80-talet.

– Det gjekk jølma fint, men det var andre i mi aldersgruppe som reiste åt Oslo den gongen, som fekk beskjed om at dei måtte leggja frå seg dialektta på arbeidsplassen sin. Eg veit om i alle fall ei som slo om frå lomvær og byrja knota, som me seier, på fyrste arbeidsdagen sin.

ANDREA RYGG NØTTVEIT
andrea@framtida.no

Ei språkleg openberring

Etter at ein forfattarkollega fekk mareritt av nynorsk hennar, laga lyrikar Catherine Blaavinge Bjørnevog eit nytt språk.

- EG VAKNA EIN MORGON, og så var språket mitt borte. Engelsk og spansk gjekk fint, men ikkje norsk, seier forfattar Catherine Blaavinge Bjørnevog.

To gonger har ho opplevd å mista det norske språket etter svangerskap. Ho forstod, men fann ikkje orda sjølv. Først etter fleire månader med ulike små og store øvingar kunne ho uttrykka seg som normalt igjen.

– Viss eg hadde ein agurk, så sette eg på ein lapp der det stod «agurk». Eg klippte ut alle orda i avisas og sette dei saman igjen.

Litt etter litt kom språket tilbake. Då kom diktinga òg. Bjørnevog, som er utdanna kunstnar med keramikk og foto som hovudfelt, fortel at erfaringa med å måtta setja saman orda på nytt i hovudet gav ho ei heilt ny tilnærming til språket, som opna for skapande skriving.

– Det var ei språkleg openberring. Eg lærté å elska språket gjennom å mista det.

<INKJE SUMAR> No debuterer ho med diktboka *Um sakne springe blome*, som er gjeven ut på Samlaget. Boka rommar ei forteljing inspirert av eventyret om Kvitebjørn Kong Valomon, om ei kvinne som lengtar etter mannen sin og ofrar borna for å få sjå han att.

Som tittelen avslører, er ikkje boka skriven på noka vanleg form for norsk. Det første diktet lyd slik:

De bi inkje sumar her
De vårar inkje
De bi haust u vintrar
u haust att

Forlaget skildrar det som eit nordisk språk med element av gamalnorsk og dialektar frå Telemark og Gudbrandsdalen. Kunst-

språket gir assosiasjonar til Øyvind Rimbereid og hans språkleik i Solaris korrigert. Men Bjørnevog avviser at det er der inspirasjonen kjem frå.

– Det var nokon som sa at eg måtte lesa Rimbereid då eg fortalte om prosjektet til å byrja med. Men då tenkte eg at det kan eg i alle fall ikkje gjera. Så eg har enno ikkje lese han.

HEMN Historia som leidde fram til det unike språket, er ei heilt anna. Ho byrjar med ei tekstmelding frå ein annan forfattar, som sa at nynorsken til Bjørnevog var så dårleg at han hadde hatt mareritt om det.

– Då tenkte eg at no skal eg ta att og skriva tilbake på eit skrekkeleg nynorsk, og gi han ordentleg mareritt.

Frå den kimen, der Bjørnevog leika med ord og gamalmodige skrivemåtar, vaks det nye språket fram. Det utvikla seg gjennom diktinga, og med innspel frå mellom andre svigermor frå Vågå. Etter kvart måtte ei ordliste til for å halda system i det heile.

I det nye språket fann ho røysta til kvinna som står i sentrum for forteljinga i *Um sakne springe blome*.

– Eg måtte lytta til røysta – det er stort sett kvinna som snakkar i dikta, og ho brukte dette språket. Eg berre fortel hennar historie.

Uti boka blir språket trekt inn i historia. «maule ti ske inkje tydast», blir det sagt i ein «Gudetaile»: Målet ditt skal ikkje tydast. Dette er ein del av straffa kvinna får, fortel forfattaren.

– ØVING GJER MEISTER Når historia i *Um sakne springe blome* er fortald, har ikkje Bjørnevog planar om å skriva meir på språket historia kom med. No jobbar ho med eit prosjekt ho kallar «River Phoenix-dialogar» – etter den unge, Oscar-løna skodespelaren som døydde av overdose 23 år gammal – med eit språk som blandar nynorsk og engelsk.

Bjørnevog – som kjem frå Tjøme, har delvis vakse opp i Madrid, og no bur i Trøndelag – er ikkje ein opplagd nynorsk-brukar. Likevel har ho lenge brukt nynorsk i diktinga, mellom anna i noko av det ho

leverte inn då ho gjekk på Skrivekunstakademiet i Hordaland.

– Då sa dei at det var veldig god tekst, men heilt forferdeleg nynorsk. «Kvífor skriv du nynorsk?», fortel ho, og legg til:

– Men eg har blitt betre i nynorsk etter kvart. Øving gjer meister.

IKKJE NOKO VAL Bjørnevog forklarar at nynorsken ikkje har vore eit val, men eit resultat av inspirasjonen hennar.

– Eg merkar at historia kjem med sitt språk. Er det eit litt myrdunkelt landskap, er det til dømes naturleg med nynorsk. Og då har eg ikkje noko val, då må eg skriva historia på nynorsk, seier ho.

– «River Phoenix-dialogar» høyrest ikkje ut som noko frå eit typisk myrdunkelt landskap?

– Kvifor akkurat den historia kom på nynorsk, veit eg ikkje. Det var kanskje noko med blandinga mellom nynorsk og engelsk.

– Er det noko du kan sei med eitt språk som du ikkje kan sei med eit anna?

– Ja.

– Kunne du ha fortalt historia i *Um sakne springe blome* på eit anna språk?

– Nei.

– Språket er til for å leikast med Svara kjem raskt og konsist, utan nøling eller etterhald. Ulike språk har ulik oppbygnad og ulik fargevalør, meiner Bjørnevog – difor kan dei brukast til å uttrykka ulike ting. Det tyder også at fleire språk gir kunstnaren ein større palett.

– Det er fint å kunna nyitta fleire språk, å baska med to målformer og å laga ei ny. Det er mykje musikk i det, seier ho.

Nettopp den musikalske, syngjande kvalitetene er det Bjørnevog synest gjer det nye språket hennar godt å dikta med.

– Når eg skriv, ser eg det føre meg nesten som ein opera. Ting blir blåste opp, biletia blir tydelegare.

Å skapa med biletia, former, tonar eller ord er berre ulike utløp for den same kreative aktiviteten, meiner Bjørnevog. No er det skrivinga, leiken i verdene som språk opnar opp, som har fanga henne.

– Språket er til for å leikast med. Ein må ikkje vera redd for det.

RUNAR BJØRKVIK MÆLLAND
runar@framtida.no

“ – Eg merkar at historia kjem med sitt språk. Er det eit litt myrdunkelt landskap, er det til dømes naturleg med nynorsk.

Catherine Blaavinge Bjørnevog





Foto: Samlaget

GUDBRANDSDALSMAT



For oss er matproduksjon eit handverk forma av vår kultur, geografi og historie.

Gudbrandsdalsmat gjer det enkelt å handle lokalmat frå Gudbrandsdalen.

Vi driv sal og distribusjon av produkt frå 29 produsentar til butikk og servering. Hovudsalsområdet vårt er Gudbrandsdalen, men vi sel og distribuerer varer til butikk og servering i heile Noreg! Med eitt kontaktpunkt, éin ordre og éi levering formidlar vi mangfaldet av varer som våre medleamar produserer. Bestill innan måndag og få varer levert torsdag/fredag same veke.



www.gudbrandsdalsmat.no



Gudbrandsdalsmat SA

Selsvegen 133
2670 OTTA

Tlf 975 68 805 - Anette
Tlf 416 13 159 - Ingrid
Tlf 412 18 222 - Ingunn
epost: post@gudbrandsdalsmat.no



med hjarte og hender

Har du tenkt over konsekvensane av å vere **både døv og blind**? Til dømes korleis ein kan kome seg fram til riktig stad eller kva kjøtpålegg ein kan velje mellom i kjøledisken?

Korleis er livet som døv og blind?

DØVBLINDHEIT GJEV MANGE UTTORDRINGER.

Det hindrar fri rørsle og orientering i rom. Det har konsekvensar for sosialt samspele, kommunikasjon og det å ta til seg informasjon. Ikkje minst har det psykologiske følgjer som sorg og uro, ekstensielle tankar og identitetskriser. Til saman påverkar dette utsiktene til å oppretthalde kontakten med omgjevnadene; til å delta i samfunnet og sitt eige liv.

Med tilgang til eit kompetent støtteapparat og ulike former for hjelpemiddel kan personar med døvblindheit likevel få eit rikt og aktivt liv. Spørsmålet er om samfunnet legg godt nok til rette for denne gruppa som er så sårbar og truga av isolasjon?

NO MAN IS AN ISLAND Lat oss seie at du skal nettopp på butikken og handle mat. Du ser at dei sel blomar, du ser at du kan velje mellom ulike typar handlekorger. Du høyrer når panteautomaten er full, og du kan lese det på den vesle skjermen. Om du lurer på noko, spør du ein av dei tilsette. Du snur deg og smiler når ei kjend stemme seier «Hei!». Du ser i kjøledisken at dei har fått ei avdeling med mat til halv pris fordi varene snart går ut på dato. Du ser at det er minst fem ulike sortar bacon å velje mellom. Nokre matvarer har fått terningkast seks, andre er på tilbod. Du kan velje den køen du vil, eller byte kasse når du høyrer «ledig kasse her!». Du nyttar hørsela og synet ditt heile tida, automatisk og ofta sorglaust. Du får raskt overblikk og kan ta avgjersler basert på dette.

Menneske med nedsett syn og hørsle får derimot fragmenterte opplysingar om omverda: meir eller mindre tilfeldige sanseinntrykk som ikkje utan vidare kan setjast saman til ein forståeleg heilskap. Den engelske poeten John Donne skapte i 1624 uttrykket «No Man is an Island». Å ha døvblindheit er kanskje det nærmaste ein kjem å vere ei øy. Ein treng hjelpemiddel – ein båt, ei bru, eller kanskje ein undersjøisk tunell – for å ha samband med omlandet. Same kva middel som vert nytta, må det vere påliteleg og trygt. Framom

alt må det vere tenleg for føremålet: å skape samanheng, kommunikasjon. Kva alternativ har personar med døvblindheit for å få denne livsviktige kontakten med omverda?

DOBBELT SANSETAP Døvblindheit tyder ikkje å vere fullstendig døv og fullstendig blind. Mange har restar av hørsle og/eller syn. Desse sanserestane kan vere til nytte i ein samanheng, men nesten utan funksjon i ein annan. Eit døme på dette er at ein person med synsrest er heilt avhengig av ein ledsager for å kome seg på rett buss, men kan lese avisar når han/ho har sett seg ned. Synsresten kan altså nyttast til å lese litt, men ikkje til å orientere seg i omgjevnadane med.

Sanserestane kan også forsterkast med ulike tekniske hjelpemiddel. Døme på tekniske hjelpemiddel kan vere samtaleforsterkar der ein snakkar i ein mikrofon som er kopla opp mot eit høyreapparat slik at det vert lettare å høre tale og ikkje støy.

Personar med døvblindheit har også rett til tolk-ledsager som hjelpemiddel for deltaking og likestilling i samfunnet.

Når vi snakkar om tolk-ledsager er dette altså ein person med heilskapleg kompetanse på personar med døvblindheit sine behov for tolking, ledsaging og skildring av omverda.

Tolkinga skjer gjennom ulike metodar. Kva metode tolken nyttar er avhengig av eventuelle syns- og hørslerestar hjå tolkebrukar. Ein kan nytte teiknspråk i avgrensa synsfelt, taktilt teiknspråk som vert oppfatta med hendene og kjenslesansen og ikkje auga, eller tale gjennom tekniske hjelpemiddel.

Tolken skal også skildre omgjevnadane, ved hjelp av teiknspråk, tale og/eller haptisk. Haptisk er eit taktilt kommunikasjonssystem der ein utfører teikn på rygg, skulder, arm, hand, kne eller fot for å få eit meir heilskapleg inntrykk av situasjonen ein er i. Til dømes kan tolken skildre eit rom og kvar personar er plasserte ved å teikne eit «kart» på ryggen til den som skal få infor-

masjonen, og så plassere bord, dør og personar rundt i rommet. Om nokon går ut eller kjem inn, vil ta ordet, geispar, ler eller ser sint ut, kan tolken raskt gi informasjon om dette utan å avbryte språktolkinga. I tillegg skal tolken kunne ulike ledsagingsteknikkar slik at ledsaginga vert utført på ein profesjonell, trygg og føreseieleg måte. Det trengst kompetanse og øving for å ledsage slik.

TOLK-LEDSAGERORDNINGA UNDER PRESS

Personar med døvblindheit har rett til tolk-ledsager og treng dette i ei rekke situasjoner. I februar i år kom ein rapport etter bestilling frå Arbeids- og sosialdepartementet. Rapporten heiter «Helhetlig gjennomgang av tolkeområdet» og målet med denne gjennomgangen var å få eit oppdatert bilete av tolketenesta i Noreg. Rapporten konkluderer med at personar med døvblindheit har eit omfattande behov for tolk-ledsagereneste og at dette behovet ikkje er tilstrekkeleg dekt i dag.

I gjeldande retningslinjer frå 2012 står det at retten til tolk-ledsagerhjelp hovudsakleg er knytt til brukarane sitt behov for støtte i kommunikasjon. Oppdrag som primært handlar om sosial og praktisk bistand fell utanfor tolk-ledsagerordninga.

Spørsmålet er difor om definisjonen av kommunikasjon som vert nytta her, er for snever med tanke på personar med døvblindheit sine utfordringar. Kan ein dra eit skilje mellom situasjonar der det er behov for kommunikasjon og situasjonar der det ikkje er det? Realitet er at menneske og samfunnet kommuniserer heile tida, gjennom ord, handling eller hending, og kommunikasjonen er i hovudsak basert på at medlemmene i samfunnet ser og høyrrer. Når desse sansane manglar, er det naudsynt å få tilgang på kompetanse, teknologi og tenester som freistar å kompensere for det doble sansetapet.

I rapporten seier Nasjonalt senter for hørsel og psykisk helse at personar med døvblindheit vert sjuke og meir isolerte som ein direkte konsekvens av at tolketenesta etter retningslinjene frå 2012 nyttar ein snevrare definisjon for når personar med døvblindheit har eit kommunikasjonsbehov. Det er eit sterkt signal om at det må gjerast noko med tilbodet og tilrettelegginga for personar med døvblindheit snarast råd. Den varsla statlege gjennomgangen av ordninga med tolk-ledsager og praktiseringa av denne vert difor særskilt viktig.

ANE MARTE HALKJELSVIK
rådgjevar i Statped

Teksten stod først på trykk i Bergens Tidende i slutten av juli.

“ Når desse sansane manglar, er det naudsynt å få tilgang på kompetanse, teknologi og tenester som freistar å kompensere for det doble sansetapet.

Fotballjournalistikk på nynorsk får pengar

Fotballmagasinet Josimar får 220 000 kroner fra **Vinjefondet**. Magasinet har vore utgitt sidan 2009 og har lenge hatt stoff på nynorsk, men redaktør og utgivar Håvard Melnæs får no midlar til å satsa meir på nynorsk fotballjournalistikk.

Også fire andre prosjekt får i år støtte frå Vinjefondet, som blir forvalta av Nynorsk kultursentrum. Totalt blir det delt ut 650.000 kroner frå fondet i år. Som i fjar fekk nettavisa *Framtida.no* støtte til sitt treårige arbeid med meir forskingsjournalistikk på nynorsk for unge lesarar. Løyvinga i år er på 250 000 kroner.

